



Alle foto: Even Øverbø

# INFORMASJONSSKRIV FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 2/2021

Årgang 30

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta  
Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset  
e-postadresse: [postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)



Info-skrivet vert sendt til e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkerar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparar porto)! Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innheld:	Side
Produksjonstilskot – del 2	1
Hjelp med søknadane	2
Bruk gardskarta	2
Nytt innmarksbeite?	2
Regionalt miljøprogram (RMP)	2
Mjølkekvote – kjøpe?	3
Frist gjødselspreiing	3
Erstatning avlingssvikt	3
Piggtråd	4
Andre fristar	4

slakteria sine rapportar, elles får ein ikkje grunnlag for avløysing og tilskot på slakteproduksjonen.



Sau på innmarksbeite

## Produksjonstilskot del 2 Hugs søknadsfristen 15. oktober

Søknadsfristen for del 2 er 15. oktober, med teljedato 1. oktober (det vert opna for å søkje den dagen). Ein kan levere inntil 14 dagar etter fristen, men då med eit trekk på kr 1.000 pr. dag over frist!

Når søknaden er levert kan ein gå inn og endre opplysninger i søknaden fram t.o.m 29. oktober.

I søknad del 2 kan du søkje om tilskot for:

- Tilskot til avløysing ved ferie og fritid
- Husdyrtilskot
- Tilskot til økologisk areal og husdyr
- Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Tilskot til dyr på beite
- Tilskot til dyr på utmarksbeite

### Dyreteljing:

Ver nøyaktig med teljinga av dyra. Ein bør ikkje berre bruke husdyrlistene.

For slakteproduksjon på svin er det viktig at du set kryss for at opplysingar kan hentast frå

### Avløysartilskot:

Det kan søkjast om refusjon for utgiftene ein har hatt i 2021. Om ein ikkje har brukt opp heile refusjonsbeløpet til 15.oktober, kan ein etter-registrere meir i søknaden fram til 10. januar. Det same gjeld beitedyr som vert sankta frå utmarksbeite etter 15. oktober.

Godkjent dokumentasjon for utgifter til avløysing er til dømes:

- Årsoppgåve frå avløysarlaget
- A-melding frå Altinn
- Bankbilag og faktura

### Døme på godkjent arbeidshjelp som kan søkjast refusjon for:

- Stell av dyr
- Saueklipping
- Klauvskjering
- Gjerdehald

- Dyrking
- Grøfting
- Snekkerarbeid
- Rundballepressing (arbeidet, men ikkje maskinkostnaden)

### Døme på utgifter til arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:

- Dyrlege
- Drektigheitskontroll
- Rekneskapsførar
- Utgifter til elektrikar
- Bilmekanikar



Profillar i - og skoda frå Bondalen

### Hjelp til søknadane – produksjonstilskot og RMP

Dersom det er behov for hjelp med søknadane som skal inn no til 15. oktober så ta kontakt. Vi rettleier og kan stille datamaskin til disposisjon. Her på rådhuset er det framleis restriksjonar grunna smittevern, men vi kan ta imot dykk på møteromet Hjørundfjord, som er tiltenkt slike besøk under pandemien.

*Ring og ting tid, ver tidleg ute og vent ikkje til siste dagen!*

På Smia kan Jan Endre ta imot besøk og gi hjelp.

Kontaktinformasjon for oss tilsette finn du nedst i dette skrivet. Åshild, Dorota og Jan Endre hjelper deg med produksjonstilskotsøknaden. Børild og Jan Endre hjelper deg med RMP.

### Bruk gardskarta!

Vi minnar igjen om at det er viktig å sjå over gardskarta for eigd og leigd jord. I fjar fekk mange ei overrasking ved utfyllinga av søknad om produksjonstilskot, grunna oppdaterte kart. NIBIO har utført eit større vedlikehald av karta. Gjer det til ei vane å bruke gardskarta ved utfylling av søknadar om tilskot.

I karta finn du arealtal for dyrka jord og beita som eigedomane har, og du kan sjå over innteikningane om dei er riktige.

Ver merksam på at det berre er areal som vert brukt, dvs hausta ved slått eller beiting i 2021 som skal vere med på søknaden.

Areal som berre vert beitepussa, ligg brakk, mv, har ikkje rett på tilskot. Dei skal i tilfelle førast på andre kodar som t.d. «ute av drift», eller ikkje i det heile.

Du finn meir om dette i rettleiinga, eller ta kontakt med oss, så rettleier vi deg.

Gjer vel og meld ifrå dersom du finn feil i gardskartet. Her er lenke til gardskart: <https://gardskart.nibio.no/search>

### Nytt innmarksbeite?

Dersom ein har teke i bruk eit nytt beite, som ikkje ligg i gardskartet, så må ein ta kontakt med oss for synfaring, slik at vi eventuelt kan få lagt beitet inn i kartet. Utan at eit areal ligg avmerka i gardskartet vil det ikkje vere mogleg å søkje areal- og kulturlandskapstilskot.



Nydyrkning Hornindal

### Regionalt miljøtilskot (RMP)

Det vart opna for å søkje 15. september, med frist 15. oktober.

Aktuelle tiltak som kan få tilskot gjennom ordninga er:

1. Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (berre 6196 Norangsfjorden) Sats kr 125/daa
2. Skjøtsel av bratt areal ved slått. Må ha minst 5 daa brattare enn 1:5. Mange kan søkje på denne! Kr 240/daa
3. Skjøtsel av naturtypen slåttemark i naturbase. Gjeld nokre få. Kr 1.000/daa
4. Skjøtsel av kystlynghei. Berre Raudøya. Kr 150/sau.

5. Tilrettelagt fuglebiotop for trua artar. Støtte ved utsett slått grunna hekking. Kr 2.000/daa
6. Drift av seter med mjølkeproduksjon. Nokre i Ørsta. Kr 50.000/seter
7. Skjøtsel av gravminne (gravhaug) registrert i Askeladden. Kr 1.000/gravminne
8. Vedlikehald av fangdam. Kr 5.000/dam
9. Spreiing av **all** husdyrgjødsla i vår-/vekstsesong (før 10. august) kr 55/daa
10. Spreiing av husdyrgjødsel med nedleggings- eller nedfellingsutstyr. Kr 35/daa
11. Bruk av slangespreiar – må kombinerast med anten pkt 9 eller 10, kan ikkje søkjast på aleine. Kr 65/daa.

Meir utfyllande info finn du hjå Statsforvaltaren:

<https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Regionale-miljotilskot/sok-om-regionalt-miloskot-rmp-for-2021/>

Alle tiltak skal teiknast inn eller markerast i kart. For alle som har søkt tidlegare år så er det viktig at ein svarer JA til å importere det som vart teikna inn i 2020. Då slepp ein mykje ekstraarbeid.

Lenke til søknadskjema:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nn/ordningar/jordbruk/regionalt-miljotilskot-i-jordbruket-rmp>



I fjøsdøra – ny oksefjøs i Åmdalen

## Mjølkekvote, kjøpe?

I år vart det opna for å kjøpe mjølkekvote frå staten. Alle kvoteeigarar kan kjøpe (ikkje geit). Mengda som er lagt ut for sal er avhengig av kor mykje kvote som vart sold i 2021.

Kvoteseljarane kunne selje inntil 60% privat, medan minst 40% måtte gå til staten - for sal til kvoteeigarane.

Så langt ser det ut til å vere 650.000 liter som staten skal selje ut her i fylket. Talet kan auke dersom landbruksdirektoratet har søknader som ikkje er ferdig handsama.

Mengda ein kan kjøpe vert i utgangspunktet fordelt likt på kjøparane.

**Fristen er 1. oktober.** Pris kr 4,-/liter + mva.

Her finn du meir informasjon og skjema der ein melder seg på kjøp.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/kjop-av-grunnkvote-fra-staten>

Kvoteleige heiter no «disponering av grunnkvote». Det er eigar av kvota som legg inn kven som skal disponere kvota. Endringar gjer ein på landbruksdirektoratet.no. Endringar for 2022 kan gjerast i tida 1. oktober til 1. november.



Kje – her som landskapspleiar i Vikebygda

## Frist gjødselspreiing

Frå og med i år er fristane like for Ørsta og Volda, og desse fristane gjeld:

Frist for å spreie husdyrgjødsel utan dispensasjon på eng er 15. september.

Seinare spreiing på eng må ha dispensasjon. Søknad om dispensasjon finn ein på heimesida til Ørsta kommune, under landbruk.

Ved nedmolding like etter spreiing, kan ein spreie ut oktober månad.

Dersom ein vil ha RMP-tilskotet til tidleg spreiing må **all** gjødsla vere spreidd innan 10. august.

## **Erstating ved avlingssvikt**

Ut frå det vi forstår så har dei fleste fått om lag normal avling i år. Sjølv om det var turt i sommar så var det ikkje her ein kom därlegast ut. Fleire har og betra fôrsituasjonen med å ta tredjeslått no i september.

Så langt har ingen meldt frå om avlingssvikt eller søkt om erstating. Dersom det skulle vere aktuelt så må vi få rask beskjed. Vi skal måle opp lagra avlinga mv. Søknadsfristen er 31. oktober.

## **Piggtråd**

Fleire har teke kontakt om dette med bruken av piggtråd, og t.d. i Rogaland har ein hatt prosjektet «piggfrie gardsbruk 2021», der ein har ytt tilskot ved rydding og innsamling av piggtråd. Det er difor eit tema som er aktuelt i tida.

Sidan 2010 har det vore forbod mot å setje opp ny piggtråd i gjerde. Det er og slik at ein ved utbetring av eldre gjerde ikkje har lov til å ha på ny piggtråd.

Vi oppmodar difor om at ein ved vedlikehald av gjerda gjer ein innsats med å samle saman og levere piggtråd til gjennvinning. Det er og mange gamle øydelagde og til dels nedramla gjerde med piggtråd som treng å ryddast opp i. Førebels har vi ikkje tilskot til rydding av piggtråd, men problemstillinga er oppe til vurdering.



Kvige på beite

## **Andre fristar**

### **SMIL:**

Fristen for søknadar om SMIL-midlar er som vanleg 1. februar. Ein kan sende inn søknadar, men desse vil då verte liggjande i påvente av at vi får tilført midlar for 2022.

### **Drenering:**

Her er det framleis mykje ledige midlar for 2021, som ein kan søkje på. Då ordninga har rikeleg med midlar, kan ein søkje heile året.

## **Ledig stilling**

Vår medarbeidar gjennom ei årrekke - Åshild Steinnes vert 70 år i november, og ho vert pensjonist frå desember av.

Difor er det lyst ut ledig stilling som konsulent ved kontoret. Komplett utlysing finn du på heimesida til Ørsta kommune.

Vi søker etter ein person med landbruksfagleg utdanning på høgskulenivå, der anna tilsvarande utdanning og kan vurderast.

Kjenner du til gode kandidatar til stillinga så er det flott om du gjer lysinga kjend. Søknadsfristen er 3. oktober.

## **Tilsette ved kontoret :**

	<p>Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: <a href="mailto:liv-bente.viddal@orsta.kommune.no">liv-bente.viddal@orsta.kommune.no</a> Liv Bente er leiar for kontoret og for seksjonen kultur og landbruk i Ørsta. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjortevitforvaltninga i Ørsta, og konsekjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsekjonsfridom i matrikkelen.</p>
	<p>Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: <a href="mailto:dorota.wozna@orsta.kommune.no">dorota.wozna@orsta.kommune.no</a> Dorota er sakshandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavloysing, mv.</p>
	<p>Åshild Steinnes Tlf 907 04 501 E-post: <a href="mailto:ashild.steinnes@orsta.kommune.no">ashild.steinnes@orsta.kommune.no</a> Åshild er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, arkiv, landbruksregisteret, møtesekretær, plantevern, mv.</p>
	<p>Jan Endre Nesdal Tlf 902 55 815 E-post: <a href="mailto:jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no">jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no</a> Jan Endre har delar av kontortida si på Smia. Han handsamar produksjonstilskot, RMP, UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt i Volda, mv.</p>
	<p>Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: <a href="mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no">peder.magnussen@orsta.kommune.no</a> Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda.</p>
	<p>Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: <a href="mailto:borild.skara@orsta.kommune.no">borild.skara@orsta.kommune.no</a> Børild er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrkning, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.</p>